




Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell



Villreinutvalet for Nordfjella

Vår dato:

13.09.2024

Vår ref:

2024/13545

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlarar, telefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124
Harald Skjerdal, 47874374

Nytt innspel på høyringa av revisjonsdokument for reguleringa av Aurlandsvassdraget

Villreinnemnda og villreinutvalet viser til våre tidlegare innsendte høyringsinnspel i denne saka. Under synfaringa 28-29. august 2024 vart det opna for at nemnd og utval kunne sende inn nytt innspel innan 15. september, dersom dei ønskte å konkretisere nokre av momenta som m.a. kom fram og vart diskutert under synfaringa.

Villreininteressene er først og fremst opptekne av korleis vi kan betre den framtidige stoda for villreinen i Nordfjella. Det er som kjent mange påverknadsfaktorar som kan vere negative, alt frå vegtrafikk, ferdsle, klimatiske tilhøve, turistløyper/merka stiar og hyttar, den omfattande utbygginga av fritidsbustadar i fleire kommunar rundt Nordfjella, og ikkje minst kraftutbyggingane i sentrale deler av villreinens leveområde. Mest truleg er mange av desse faktorane samverkande, dvs. dei trekker alle i negativ retning for villreinen. Målet med dette innspelet er å peike på tiltak som vi meiner har stor sjanse for å gje eit positivt bidrag til den framtidige villreinbestanden i Nordfjella.

Det er kjent at villrein gjerne tar opp igjen gamle trekkveggar når dei får høve til det. Dette ser vi m.a. i det «nye» villreinområdet i Lærdal/Årdal, der villrein frå Nordfjella vart sett ut på 90- talet. Gamle trekkveggar er her tekne i bruk, og slik vil det vere i andre villreinområde òg. Det vart observert at rein kryssa Kvevatnet ved Hardbakkspnanget då det var nedtappa i 2017 (damrehabiliteringa). Blir tilhøva lagt til rette, er det derfor god moglegheit for at reinen tek opp att dei gamle trekkvegane, så lenge det ikkje er kome til andre uromoment i mellomtida. Det er godt dokumentert at reinsflokkane heldt fram med å koma inn i Vampen-området også etter oppdemminga av magasinet – sjå kartvedlegga som syner fellingsstader åra 1979-91 i rapporten «Aurlandsreguleringens virkning på villreinjakten,»

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Indre Sogn herredsrett sak 14/1988. Også mange etterfølgjande år er det dokumentasjon av fellingsstader som syner det same. Problemet har vore at flokkane har vanskar med å koma seg lenger sørover frå halvøya Vampen i retning Stemmerdalsfjellet og Geiteryggen.

Villreinnemnd og -utval har peika på eit konkret tiltak som vi meiner må prøvast ut; landbru/fylling over Kongshellersundet, mellom halvøya Vampen i nord og Stemmerdalsfjellet sør for sundet. Nyhellerområdet ligg sentralt i villreinen sitt leveområde, og har gjennom alle tider vore eit svært viktig område der reinen både oppheld seg og trekker gjennom/forbi. Etter vårt syn er tiltaket kanskje det beste av denne typen i heile Nordfjella, og som har størst moglegheit for å lukkast. Eit slikt tiltak er avhengig av at det ikkje er andre store uroelement i landskapet rundt. Det er slike moment også ved Nyhelleren, med open anleggsveg, Kongshelleren turisthytte med tilhøyrande sti- og løypenett. Regulering/endring av dette er føreslege i arbeidet med tiltaksplanen for Nordfjella. Vi meiner det ligg godt til rette for å betre vilkåra til villreinen i området på fleire måtar og av fleire aktørar, dersom regulanten – gjerne i samarbeid med statlege aktørar - går føre med gjennomføring av eit avbøtande tiltak som det vi snakkar om her. Vi er kjende med at i ei liknande sak (Aurareguleringa) vart det avslått tiltak med landbru/fylling, men vi meiner Nyhellerområdet har betre sjanse til å lukkast.

Ei rekkje av våre norske villreinområde har utfordringar med reguleringsmagasin som har betydelege negative effektar for villreinen sitt vandringsmønster. Etter klassifiseringa etter kvalitetsnormen for villrein, der seks av ti nasjonale villreinområde enda opp med dårleg tilstand, har det vore jobba med faglege forslag til tiltak for å betre situasjonen. Fleire av desse tiltaka handla om etablering av landbruer/fyllingar på stader der reguleringa har demt ned gamle trekkpassasjer. Etter vårt syn er det no viktig at ein går i gang med å teste slike tiltak. Nyhellermagasinet er eit eksempel på eitt av områda der ein kan rekne med å få størst effekt av eit slikt tiltak.

Ulik køyring av kraftverka vil føre til raskare endring av magasinfyllinga, som igjen fører til usikre isforhold, som vanskeleggjer kryssing av rein, også vinterstid. Ein landbru/fylling vil kunne betre på dette.

Det er per i dag ikkje tidfesta når villreinbestanden i sone 1 skal reetablerast med rein frå sone 2 (Stortinget har gjennom Stortingsmeldinga om villrein vedteke at dette skal skje «snarast mogleg»).» Vi meiner det er eit tidsvindaug no i 2024-2025-2026 der eit tiltak med etablering av landbru/fylling vil vere gunstig. Det er samstundes arbeid som går føre seg på Nyhellermagasinet, som dersom dette let seg gjere å sjå i samanheng, kan gje god samverknad og gjere prosjektet rimelegare. I teorien kunne ein tenkje seg at planlegginga var ferdig og klar til oppstart i 2026, då maskiner og utstyr framleis er i Nyhellerområdet. Men dette er det ikkje opp till nemnd og utval å vurdere moglegheita av.

Stortingsmeldinga frå 2024, «Ein forbetra tilstand for villrein», legg opp til målretta naturrestaurering i villreinområda, og i nærleiken av dei. Tiltak som kan betre tilstanden er diskutert i arbeidet med tiltaksplanar for dei nasjonale villreinområda. Tiltaket med landbru/fylling over Kongshellersundet med sikte på å betre trekkmoglegheitene for villrein er sentralt i arbeidet med tiltaksplanen for Nordfjella, og er i tråd med Stortingsmeldinga og Stortinget si handsaming av denne.

Villreinnemnda og villreinutvalet vil med dette sterkt oppfordre NVE til å setje krav i vilkårsrevisjonen til regulanten om å etablere ein landbru/fylling ved Nyhellermagasinet.



Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar villreinnemnda

Hermund Mjelstad
sekretær

Sigurd Vikesland
leiar villreinutvalet

Harald Skjerdal
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:
Aurland kommune
Miljødirektoratet